

FORSKRIFT OM VEDTEKTER OG BETALINGSSATSAR FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I FITJAR KOMMUNE GJELDANDE FRÅ 01.08.2025

§ 1. FØREMÅL

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod i hovudsak for barn på 1. – 4. trinn. I tillegg gjeld ordninga for barn med særskilte behov på 5. – 7. trinn. Tilbodet vert gitt utanom den obligatoriske skuledagen for 1.-4.trinn. Innhald og aktivitet skal ha hovudvekt på leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hos barna. SFO ordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Barn med særskilte behov skal gjevast gode utviklingsvilkår.

§ 2. EIGARFORHOLD OG LEIING

Skulefritidsordningane i Fitjar vert eigde og drivne av kommunen i samsvar med § 13-7 i Opplæringslova.

Kommunedirektøren er ansvarleg for at drifta er i samsvar med Opplæringslova med ei til ei kvar tid gjeldande forskrifter.

Rektor er pedagogisk og administrativ leiar for skulen si SFO avdeling.

Skulefritidsordninga har i tillegg ein dagleg leiar med relevant pedagogisk og/eller fagleg utdanning. Dagleg leiar skal saman med personalet i SFO driva skulefritidsordninga i samsvar med § 13-7 i Opplæringslova.

Samarbeidsutvalet ved skulen er styret for skulefritidsordninga. Utvalet bør utvidast med ein representant for dei tilsette i skulefritidsordninga i saker der det er ynskjeleg. Det same gjeld for foreldrerepresentant for skulefritidsordninga. Dei har då møte, tale og stemmerett.

§ 3. INNTAKSMYNDE

Inntak av barn vert gjort ved den enkelte skule. Rektor har utøvande opptaksmynde. Frist for tilbakemelding er 8 dagar etter mottak av tilbod. Etatssjef for oppvekst- og kultur er klageinstans i enkeltsaker angående opptak.

§ 4. OPPTAKSKRITERIUM

Fitjar kommune legg til rettes for at alle barn på 1.-4. årstrinn som ynskjer det, skal få plass i skulefritidsordninga. Det same gjeld barn med særskilte behov på 5.-7.årstrinn.

Føresette kan søkja, og få tilbod om ordinær SFO plass på den skulen der eleven er innskriven.

Barn med særskilte behov og barn på lågare klassetrinn vert prioritert framfor barn på høgare klassetrinn.

§ 5. OPPTAKSPERIODE OG VILKÅR FOR OPPSEIING

Søknad om plass på SFO skjer på eige skjema. Frist for å søkja opptak for neste skuleår er 15. april. Det er mogeleg å søkja heile året, men søknader som kjem etter frist for hovudopptaket kan risikera ikkje å få plass. Alternativ i SFO-ordninga kan justerast gjennom ein søknad til skulen.

Opptak gjeld for 1.-4.trinn eller til plassen vert sagt opp. Det er ei gjensidig oppseiingstid på 2 månader. Føresette må senda skriftleg oppseiing til den skulen skulefritidsordninga høyrer til. Det vert kravd betaling i oppseiingstida.

Alternativ for SFO plass 1.-3.trinn:

- Alternativ 1: Kjernetid. Kjernetid er definert som ca 2,5 timar etter skuleslutt kvar dag.
- Alternativ 2: Kjernetid + morgontid
- Alternativ 3: Morgontid
- Alternativ 4: Kjernetid + ettermiddagstid
- Alternativ 5: 100% plass; kjernetid + morgontid + ettermiddagstid

Alternativ SFO for 4.trinn:

- Alternativ 6: Morgontid
- Alternativ 7: Ettermiddagstid
- Alternativ 8: Full plass (morgon- og ettermiddagstid)

Dersom det er tilstrekkeleg bemanning og ledig plass, kan skulen på enkeltdagar ta inn ekstra barn i SFO. Alle foreldre som har elevar i skulen, kan tinga plass på enkeltdagar i skuleåret.

§ 6. BETALINGSSATSAR OG BETALINGSREGLAR

Fitjar kommunestyre fastset betalingssatsane for SFO. Betalingssatsar gjeldande frå 01.08.2025.

Prisene vert justert kvart år ihht til kommunal deflator.

Ordinær SFO:

Alternativ	Tilbod for 1.-3.trinn	Pris
1	Kjernetid. Definert som ca 2,5 t etter skuleslutt kvar dag	0,-
2	Kjernetid + morgontid	1 112,-
3	Morgontid	1 112,-
4	Kjernetid + ettermiddagstid	662,-
5	100% plass. Kjernetid + morgontid + ettermiddagstid	1 774,-
Tilbod 4.trinn		
6	Morgontid	1 112,-
7	Ettermiddagstid	2 425,-
8	Full plass	3 537,-

Det vert kravd betaling for 11 månader, halv sats for august og juni. Fitjar kommunestyre kan innføra gebyr på papirfaktura.

Frå 01.08.2024 har elevar på 1., 2. og 3.trinn rett på gratis SFO 12t i veka. Desse 12t vil vere fordelt ut på kvar dag etter skuleslutt.

Pris 1 150,- per veke for ferie ope SFO for 1.-3.trinn, justert for 12t gratis kjernetid.

Pris 1 550,- per veke for ferie ope SFO for 4.trinn

Kjøp av plass på SFO einskilddagar:

Frå 1. januar 2022 vert dagsprisen for å nytta SFO på einskilddagar kr 385,-. Behov må meldast inn minimum 7 verkedagar før.

Det er høve til å ta ekstra betaling til mat, turar og utflukter. For barn med særskilte behov er SFO gratis på 5. – 7. trinn. Fitjar kommune sender ut faktura med betalingsfrist i slutten av kvar månad.

Manglande betaling utover 2 månader medfører oppseiing av plass.

Ferieope SFO – dersom det vert politisk vedteke:

For skuleåret 2025/2026 vil Fitjar kommune ha tilbod om ferie ope SFO for alle barn i SFO:

- Haustferie veke 41
- Vinterferie vek 9
- Siste veka etter skuleslutt

Ferie ope SFO vil vere på Rimbareid skule, men tilbodet er til alle barn i kommunen som har SFO plass.

Det er høve til å ta ekstra betaling til mat, turar og utflukter. For barn med særskilte behov er SFO gratis på 5. – 7. trinn. Fitjar kommune sender ut faktura med betalingsfrist i slutten av kvar månad.

Manglande betaling utover 2 månader medfører oppseiing av plass.

§ 7. LEIKE - OG OPPHALDSAREAL

Skulefritidsordninga har leike- og opphaldsareal som legg til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar ut frå alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. SFO nyttar til vanleg det inne- og utearealet som 1. - 4. årstrinn brukar. Leike- og opphaldsareal skal vera i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

§ 8. DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEG OPNINGSTID

Skulefritidsordninga fylgjer skuleåret (skuleruta) På planleggingsdagar er SFO-ordninga stengt. Dagleg opningstid er frå kl. 07:00 til skulestart og frå skuleslutt til kl. 16:15.

§ 9. BEMANNING OG GRUPPER

I SFO er det tilsett fagarbeidarar, barne- og ungdomsarbeidarar og ev. lærlingar slik at § 13-7 i Opplæringslova kan gjennomførast. Rettleiande bemanningsfaktor er 12 barn pr. vaksen.

Når barn med dokumenterte særskilte behov har fått plass på SFO, vurderer rektor og kommunalsjef oppvekst- og kultur behovet for ekstra bemanning.

§ 10. ENDRINGAR AV FORSKRIFT OM VEDTEKTER OG BETALINGSSATSAR

Vurdering av forskrift om vedtekter og betalingssatsar skal gjerast ved behov. Endringar i Forskrifta om vedtekter og betalingssatsar skal handsamast i utval for oppvekst og omsorg og godkjennast av kommunestyret. Endringar i betalingssatsar kan gjerast av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga.

Forskrift om vedtektene vert vedteke i kommunestyret 19.06.2025.